

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Levekårsutvalet	31.01.2024	005/24
Kommunestyret	22.02.2024	013/24

Revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan for Øygarden kommune 2024 - 2028 - Høyringsframlegg

KORT OM SAKA

Kommunen har etter alkohollova (AL) § 1-7d, plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Den må innehalde mål, delmål, strategiar og lokale retningslinjer for kommunen si alkoholforvaltning.

Øygarden kommune har ein alkoholpolitisk handlingsplan som gjeld for løyveperioden 2020 - 2024 og som føl anbefalingane i AL. Kommunestyret har vedteke alkoholpolitiske hovedmål og delmål som legg grunnlaget for kommunen sin alkoholpolitikk, samt retningslinjer som er kommunen sine virkemiddel for å nå desse måla.

Ein alkoholpolitisk handlingsplan legg grunnlaget for fornying av alle sals- og skjenkeløyva, og må vere vedteken i god tid før fornyingsprosessen startar, dersom kommunen skal klare å halde frist for fornying av løyva. Alle sals- og skjenkeløyva går ut 30.09.24.

Kommunestyret vedtok den 28.11.23 kommunedirektøren sitt forslag til prosessplan for revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan. Det inneber at kommunedirektøren i denne saka legg fram eit utkast til revidert handlingsplan for politisk gjennomgang og revisjon. Saka vert deretter sendt ut på høyring i 3 veker. Etter høyringsperioden vil handlingsplanen bli lagt fram for politisk behandling med plan om sluttbehandling i kommunestyret i mai.

Kommunedirektøren har i dei alkoholpolitiske retningslinjene kap. 7, føreslått ein del endringar som vil bli grunngeve i saksframlegget. Føremåla med endringane er mellom anna å gjere kommunen meir konkurransedyktige innan f.eks. næringsliv, kultur og reiseliv, utan at det går på bekostning av intensjonane i alkohollova.

Det vert føreslått endringar på område som sal av alkohol på valdagar, skjenking i kommunal regi, skjenking i idrettsarena og under idrettsarrangement, skjenking ved 'stands' under messearrangement, utandørs skjenkeareal for enkeltstående arrangement, skjenkekontrollar av

enkelstående arrangement, skjenking av alkohol i kommunale bygg og delegasjon av mynde til kommunedirektøren.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Saksframlegg - Alkoholpolitisk handlingsplan 2020-2024
Alkoholpolitisk handlingsplan - Høyringsutkast til politisk behandling

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FORSLAG TIL VEDTAK

Kommunestyret sender forslag til revidert alkoholpolitisk handlingsplan ut på høyring i 3 veker med følgande endringar:

-

SAKSOPPLYSNINGAR

BAKGRUNN FOR SAKA

Alkohollova (AL) set rammene for korleis alkoholpolitikken i kommunane skal forvaltast og gir betydeleg ansvar og stor fridom. AL § 1-7d gir kommunane plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Lova seier ikkje noko konkret om kva handlingsplanen skal innehalde, men peiker på at ein plan bør innehalde dei alkoholpolitiske hovudmåla og dei delmåla som kommune vil legge til grunn i sin alkoholpolitikk.

Det bør i handlingsplanen også stå noko om kva virkemiddel kommunen ønsker skal takast i bruk for å nå dei måla som vert sett. Den landsomfattande målsettinga med alkohollova er å redusere alkoholforbruket og dei individuelle og samfunnsmessige skadar som alkoholbruk kan innebere.

Kommunestyret i Øygarden vedtok i 2020 ein alkoholpolitisk handlingsplan for perioden 2020 - 2024. Handlingsplanen føl anbefalingane i AL om å ha eit sett alkoholpolitiske hovedmål og delmål som legg grunnlaget for kommunen sin alkoholpolitikk. I tillegg er det i handlingsplanen vedteke retningslinjer som virkemiddel for å nå desse måla. Retningslinjene er eit viktig redskap for kommunedirektøren i forvaltning av alkohollova.

Ein alkoholpolitisk handlingsplan legg også grunnlaget for fornying av alle sals- og skjenkeløyva i kommunen, og må derfor vere vedteken i god tid før fornyingsprosessen startar. Kommunen har pr. no 19 skjenkeløyve og 23 salsløyve som skal fornyast innan 30.09.24.

Kommunestyret vedtok den 28.11.23 kommunedirektøren sitt forslag til prosessplan for revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan. Det inneber at kommunedirektøren i denne saka legg fram eit utkast til revidert handlingsplan. Saka vert deretter sendt ut på høyring inkludert dei føringane som vert vedteke av kommunestyret. Etter høyringsperioden vil handlingsplanen bli lagt fram for politisk behandling med plan om sluttbehandling i kommunestyret i mai.

STATUS FOR GJELDANDE HANDLINGSPLAN

Lenke til gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan:

<https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/innsyn-og-naring/skjenking-sal-servering-og-tobakk/lover-og-regler/>

Gjeldande alkoholpolitisk handlingsplan er den første etter kommunesamanslåinga og vart vedteken etter ein omfattande prosess med ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for å sikre at alle relevante forhold frå dei tre kommunane vart tekne omsyn til.

Kommunedirektøren si oppfatning er at gjeldande handlingsplan har ein velfungerande struktur og relevant målsetting. Målsettinga med tilhøyrande delmål, medfører eit kontinuerlig arbeid som etter kommunedirektøren si mening med fordel kan vidareførast (sjå kap. 5). Handlingsplanen må for øvrig å oppdaterast med relevant informasjon om til dømes alkoholsituasjonen i Norge generelt og Øygarden spesielt, samt gjennomgang av dei alkoholpolitiske retningslinjene, sjå kap. 7.

Ein forenkla revisjon betyr at ein del forhold i gjeldande handlingsplan vert vidareført utan å bli forklart eller gjennomgått. Kommunestyret sitt saksframlegg med vedtak frå 2020, er derfor lagt ved som eit vedlegg for dei som ønsker å sette seg inn i den førre saksprosessen.

MÅL OG STRATEGIAR

Dei vedtekne alkoholpolitiske mål og strategiar har teke utgangspunkt i alkohollova sitt føremål. Hovudmålet er å arbeide for å redusere dei negative konsekvensane som alkoholbruk har for einskildpersonar og for samfunnet. Handlingsplanen tek også omsyn til bransjen sine behov for føreseielege rammevilkår.

Handlingsplanen har to delmål med tilhøyrande tiltak:

- **Delmål 1** – Det skal ikkje skjenkast eller seljast alkohol til mindreårige, og det skal vere fokus på reduksjon i overskjenking. I AL er sal av alkohol til mindreårige rekna som eit av dei mest alvorlege brota og vil gje høgste tal prikkar (8) ved ein kontroll. Reduksjon i overskjenking er viktig for å redusere dei kortsiktige og langsiktige skadeverknadane av alkoholbruk.
 - Tiltak:
 - Ansvarlig alkoholhandtering - samarbeid regionalt
 - Fokus på å stoppe useriøse aktørar
 - Kompetanseheving og kommunikasjon med bransjen,
 - Utvikling av kontrollfunksjonen
 - krav til rutinar for arrangement for ein enkelt anledning
- **Delmål 2** - Det skal arbeidast for å redusere rusrelatert vald. Rusrelatert vald er ein konsekvens av 'passiv drikking', dvs. dei verknadane av alkoholbruk som rammar andre enn brukaren sjølv.
 - Tiltak
 - Her er kommunen avhengig av eit samarbeid med andre eksterne instansar og aktørar som til dømes politi, nabokommunar, NAV og Mattilsynet
 - Samarbeid om ansvarlig alkoholhandtering

REVISJON AV ALKOHOLPOLITISK HANDLINGSPLAN

For å lette det politiske arbeidet med handlingsplanen har kommunedirektøren utarbeidd eit utkast til revidert alkoholpolitisk handlingsplan, som er lagt ved saka. Kommunedirektøren gjer merksam på at endringar føreteke i kapittel 7, alkoholpolitiske retningslinjer, er forslag basert på mellom anna endringar i regelverk, kommunen sitt behov for fleksibilitet, konkurranseomsyn og signal frå bransjen, lag og organisasjonar.

For alle endringsforslag er det gjort avvegingar mot alkohollova sine intensjonar. Kommunestyret står fritt til å vedta dei endringar som måtte vere ønskelege, innanfor rammene i alkoholregelverket.

Alle endringar føreslått i kapittel 7, alkoholpolitiske retningslinjer, er merka med noter. Nokre av dei mindre vesentlege justeringane blir forklart i notemerknadane. Dei endringane som treng ei politisk avklaring vil bli nærare grunngjeve her i saksframlegget. Endringar i kap. 1-6 vert beskrivne i eige avsnitt.

Revisjon av kapittel 1-6

Innhaldet i kapittel 1-6 gjeld i hovudsak heimelsgrunnlag, alkoholsituasjonen i Norge og Øygarden, samt mål og strategiar. Desse kapitla er blitt oppdatert med informasjon frå nyaste undersøkingar som Folkehelseinstituttet sin rapport om alkohol i Norge og Ung Data undersøkinga. Tekst som ikkje lengre er relevant, er fjerna. Også politiet har bidrege med oppdaterte tal på type lovbrøt i Askøy og Øygarden lensmannsdistrikt.

Til informasjon så vil kapittel 4 om prosess for behandling av alkoholpolitisk handlingsplan bli fjerna, då det har liten relevans for funksjonen av ein ferdig behandla handlingsplan. For å unngå forskyving i etterfølgande kapittel på noverande tidspunkt, vil endring bli gjort i ettertid.

Revisjon av kapittel 7 - alkoholpolitiske retningslinjer

Alkoholpolitiske retningslinjer er det viktigast arbeids- og styringsdokumentet for kommunedirektøren i arbeidet med forvaltning av alkohollova, tilhøyrande føresegner, mål og virkemiddel i handlingsplanen. Under vert det teke ein gjennomgang av dei vesentlege endringsforslaga.

- **Tillate sal av alkohol på valdagar - note 2**

Opprinneleg innhald i siste avsnitt pkt. 7.2.8.:

“sal og utlevering av alkoholhaldig drikk kan ikkje skje på stemmedagar for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkeavstemming vedteke ved lov.”

Grunngjeving:

Dette forholdet er ikkje like relevant etter at ei endring i vallova for nokre år tilbake seier at ein person kan få stemme sjølv om vedkommande er synleg påverka av rusmidlar. Det er til orientering svært få kommunar i landet som har forbod mot sal av alkohol på valdagar.

Kommunedirektøren vil peike på at det kan vere uheldig for handelsstanden i Øygarden kommune dersom kundar dreg til nabokommunar for å gjere sine dagligvareinnkjøp på valdagar. Det er til orientering ikkje forbode å skjenke alkohol på valdagar. Ei slik endring får etter kommunedirektøren si meining liten eller ingen innverknad på AL sine hovudmål.

- **Tillate skjenking av alkohol i kommunal regi - note 3**

Opprinneleg innhald - tidlegare pkt. 7.3.3.:

“Det kan ikkje skjenkast alkohol i kommunal regi i samband med arrangement som er opne for allmenta, t.d. idrettshallane, kulturhus, bibliotek eller leigd/lånt lokale. Unnatak kan gjerast i heilt særskilte tilfelle og skal avgjerast av utval for tenester og levekår.”

Grunngjeving:

Dette er eit forbod som reduserer kommunen sin fleksibilitet og moglegheit til å arrangere og fasilitere ulike type arrangement for eksempel innanfor kultur- og reiselivssatsing, temaforedrag o.l. Det vert også eit økonomisk spørsmål når kommunen til ei kvar tid må kjøpe tenester eksternt dersom alkoholserving er involvert i eit arrangement.

- **Tillate skjenkeløyve i idrettsarena og ved idrettsarrangement - Note 4 og 5**

Kulepunkt 6 er fjerna i pkt. 7.3.6. og hadde slik tekst (note 4):

“Det kan ikkje gjevast skjenkeløyve til ein idrettsarena eller idrettsarrangement i Øygarden

kommune. Forbodet gjeld også ev. VIP-areal. Unntak er bruk av ein idrettsarena til ikkje-idrettsleg arrangement for ein enkelt anledning (både opent og lukka), som ikkje har barn og unge som målgruppe, sjå også pkt. 7.6.5 om alkoholservering i kommunale bygg. Unntak kan gjerast for idrettsarenaer kor det frå før er innvilga fast skjenkeløyve ved tilhøyrande serveringsstad.”

Nytt pkt. 7.3.7 erstattar det fjerna kulepunktet (note 5).

Grunngjeving:

Kommunedirektøren har motteke tilbakemeldingar på at kommunen har eit strengt regelverk som kan føre til at ulike nasjonale og internasjonale arrangement vert flytta til andre stadar/kommunar. Idrettslag og forbund har uttrykt ønske om å kunne bruke VIP-areal til lukka arrangement under sportsarrangement, som inkluderer skjenking av alkohol. Skjenking av alkohol for til dømes sponsergruppe ved større internasjonale kampar vert opplyst å vere ei forventning frå arrangør.

I kommunar som Bergen, Drammen og Stavanger, som alle har større idrettsarrangement, er det ikkje forbod mot skjenking i idrettsarenaer under idrettsarrangement. I desse kommunane vert det tillate med alkoholskjenking i VIP-areal og i avgrensa skjenkeområde/restaurant. Det vert ikkje tillate med skjenking av alkohol i publikumsareal elles, som til dømes tribuneområde.

- **Tillate skjenkeløyve ved ‘stands’ under messe-arrangement - note 6**

Opprinneleg innhald i 1. avsnitt pkt. 7.3.8.:

“Skjenkeløyve gr. 1-3 kan tildelast innandørs og/eller utandørs skjenking, etter ei konkret vurdering basert på gjeldande retningslinjer for tildeling av skjenkeløyve. Berre unntaksvis kan det tildelast skjenkeløyve til ‘stands’, og publikums- og fellesområde skal vere alkoholfrie. Unntaket gjeld berre for publikumsmesser som har mat/drikke som tema. Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til serveringstilbod som framstår som gatekjøken, snackbar, kiosk eller liknande.”

Opprinneleg innhald i kulepunkt 2:

“Ved publikumsmesser som har tema mat/drikke, kan det tildelast skjenkeløyve til ‘stands’ innanfor eit avgrensa område med adgangskontroll og aldersgrense over 18 år.”

Grunngjeving

Det er arrangert ein del større messer i Sotra Arena og Sotra Sportsklubb sin fotballhall dei siste åra. For nokre av messearrangørane er det ønske om å kunne skjenke alkohol. Det kan gjelde både for eige avgrensa serveringsområde og ved ‘stands’.

OTD Energy 2022 uttrykte særskilt eit ønske om å kunne skjenke ved ‘stand’, noko som har vore innvilga i tidlegare Fjell kommune. Det vart opplyst frå OTD at i deira industri er det ein etablert praksis og normal gjestfridom å kunne servere ulike alternativ til drikke til sine kundar, inkl. alkohol.

Ei oppmjukning av forbodet mot skjenking ved ‘stands’ vil etter kommunedirektøren si meining bidra til at kommunen står sterkare i konkurranse med andre kommunar når messedestinasjonar vert plukka ut. Erfaring frå tidlegare arrangement har vist at det er særst lite alkohol som vert konsumert under messer og risiko for brot på alkoholregelverket er lågt. Til orientering så er det til dømes i kommunane Bergen og Stavanger anledning å innvilge

skjenkeløyve til 'stands' ved messearrangement.

- **Tillate avgrensa utandørs skjenking ved enkeltstående arrangement - Note 7**

Tilleggstekst i 5. avsnitt siste setning, pkt. 7.3.12.

Grunngjeving:

Kommunedirektøren foreslår at det blir anledning til å skjenke alkohol utandørs der kor skjenkelokalet har eit tydelig avgrensa utandørs areal med for eksempel gjerde, telt eller liknande og med bord og stolar. Foresetnaden er at det ikkje kjem i konflikt med offentleg areal for allmenta, og med tilstrekkeleg vakthald.

Det er ikkje å anbefale at det for eit ordinært røykeareal utandørs vert opna for å ta med alkohol, dette med omsyn til omgjevnadane og moglegheit for kontroll med skjenking, samt konsum av alkohol. Kommunedirektøren si erfaring er at dagens restriksjonar for røykeareal har fungert etter hensikta, og samsvarar med gjeldande praksis i andre kommunar.

- **Avvikle krav om 10% kontroll av enkeltstående arrangement - Note 10**

Opprinneleg innhald i 1. avsnitt pkt. 7.4.3.:

"Det skal på årsbasis førast kontroll med minst 10 % av dei innvilga ambulerande skjenkeløyva og skjenkeløyva for ein enkelt anledning."

Informasjon om kontrollfunksjonen:

Kravet i alkohollova seier at kommunane skal halde tre ganger så mange kontrollar som dei har faste sals- og skjenkestadar. Kommunen har pr. i dag 22 salsløyve og 18 skjenkeløyve. Det gir eit krav om 120 kontrollar av faste løyve. Kommunen har i dei siste 4 åra, samt perioden før, kjøpt kontrolltjenester frå Bergen kommune. Dette er ei god og velfungerande ordning som sikrar kommunen kompetente kontrollørar til ein relativt rimelig kostnad.

Grunngjeving:

Kravet om kontroll av minst 10 % av enkeltstående arrangement er ei lokal retningslinje, og ikkje eit krav i alkohollova. Erfaringa dei to siste åra har vist at kommunen innvilger om lag 80-85 søknadar for enkeltstående arrangement. Kommunedirektøren si erfaring er at det kan vere ei utfordring å nå 10% målet når dei lovpålagte kontrollane må prioriterast.

Kommunedirektøren ønsker å følge opp dei enkeltstående arrangementa med ei risikobasert tilnærming til myndeutøving der arrangementa med størst potensiale for brot på regelverk blir prioritert. Det kan gjerast utan eit fast bestemd måltal.

- **Forenkling av innhald om skjenking av alkohol i kommunale bygg - Note 13**

Opprinneleg tekst pkt. 7.6.5:

"Det er tillate med alkoholservering i følgjande kommunale bygg for ikkje-idrettslege arrangement, både opne og lukka arrangement, som ikkje har barn eller unge som målgruppe:

- Øygarden rådhus
- Straume kulturhus (i rådhuset)
- Kommunedelsenter Skogsvåg
- Kommunedelsenter Rong
- Bildøyhallen

- Ågotneshallen
- Sotra Arena
- Sundhallen
- Hjeltefjorden Arena
- Rong kulturhus
- Tidlegare Nest klubbhus – Skålvika
- Løa på Gjerdet Kulturminnegard
- Kommunen sine egne bygg (eigd/leigd) til lukka arrangement for tilsette som alternativ til å leige eksterne lokale"

Grunngjeving:

Kommunen er i stadig endring og nye bygg kan komme til og andre forsvinne. Det vil etter kommunedirektøren si meining gi størst mogleg fleksibilitet dersom kommune har ei generell tekst framfor ei opplisting av bygg. Slik kommunedirektøren oppfattar det, så vil det ikkje bli ei realitetsendring i ei slik justering av tekstinnhaldet. Kontorfasilitetar og dei fleste møtelokale vil ikkje vere naturleg å benytte til opne arrangement.

- **Skjenking i kommunale institusjonar vert dekkja av punkt om 'kommunale bygg'- Note 15**
Opprinneleg innhald i pkt. 7.6.7:

"Kommunale institusjonar

Det er gjort slike avgrensingar for skjenking i kommunale institusjonar:

Det er tillate med alkoholservering av alkoholgruppe 1, 2 og 3 i kommunale institusjonar i samband med lukka arrangement.

Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 til kommunale institusjonar med ordinær kantine/serveringsdrift. Kantina/serveringsstaden må ha ei målgruppe og ein profil som er retta inn mot dei som bur i institusjonen eller servicebustadane, samt andre med naturleg tilhøyring til institusjonen."

Grunngjeving:

Kommunedirektøren vurderer eit eige avsnitt om skjenking ved kommunale institusjonar som lite hensiktsmessig dersom det vert vedteke endring i pkt. 7.6.5., om skjenking i kommunale bygg.

Ei reell endring ved å fjerne dette punktet vil bli at det vert opna for å tildele skjenkeløyve også for opne arrangement ved institusjonar. Dersom det skulle vere aktuelt å invitere andre enn dei som bur ved institusjonen til eit arrangement, vil kommunedirektøren oppfatte det som i utgangspunktet positivt. Faren for auka alkoholforbruk vert vurdert som liten.

Det har til orientering ikkje vore spørsmål om skjenking av alkohol ved kommunen sine institusjonar dei siste 4 åra.

- **Delegering av avgjerdsmynde til kommunedirektøren - inndraging av sals- og skjenkeløyve - Note 16 og 18**

Delegering av avgjerdsmynde pkt. 7.7.1: Siste kulepunkt er flytta frå Levekårsutvalet til kommunedirektøren, pkt. 7.7.2.

Innhald i kulepunkt 3:

- *Inndraging av sals- og skjenkeløyve*

Grunngjeving:

Inndraging av sals- og skjenkeløyve følger eit fastsett prikktildelingsystem kor kommunen er pålagt å inndra eit løyve dersom 12 prikkar er tildelt i ein 2-års periode. Inndraging vil også vere aktuelt i saker kor løyvet ikkje er i bruk eller at vilkår for løyvet, som for eksempel manglande godkjent styrar og avløyssar, ikkje er tilfredsstilt. Slike forhold er lovstyrt med lite eller ingen rom for skjønn.

Kommunedirektøren ber derfor kommunestyret å vurdere å flytte delegasjon av denne oppgåva til kommunedirektøren. Det kan bidra til raskare og mindre ressurskrevande saksbehandling i denne type saker. Det har til orientering ikkje vore inndragingssaker i inneverande løyveperiode.

- **Avklaring om delegering av avgjerdsmynde for utandørs skjenkeareal - Note 17**

Tilleggstekst i kulepunkt 10, siste setning om mynde til å godkjenne utviding av utandørs skjenkeareal for faste skjenkeløyve, pkt. 7.7.2.

Grunngjeving:

Kommunedirektøren har frå før mynde til å behandle søknadar om mindre endringar av sals- og skjenkeareal, inkludert utandørs areal.

Denne avklaringa gjeld søknadar om utviding av utandørs skjenkeareal som ikkje er direkte tilknytt serveringsstaden, kor offentlig areal/gangveg går mellom serveringsstad og utandørs skjenkeareal, f.eks. utandørs areal ved Sartor storsenter. Denne type saker er blitt sendt til politisk behandling fram til no fordi kommunedirektøren er usikker på om delegasjonen også gjeld her. Det vil gje raskare saksbehandling dersom også denne type søknadar vert delegert til kommunedirektøren.

HØYRINGSINSTANSAR OG HØYRINGSFRIST

Alkoholpolitisk handlingsplan vil bli sendt ut på høyring i 3 veker til bransjen lokalt, politi, Statsforvaltaren i Vestland og elles lagt ut offentleg for innbyggerane generelt via kommunen sine fora.

ØKONOMISKE KONSEKVEN SAR

Ein alkoholpolitisk handlingsplan som bidreg til gode rammevilkår for bransjen, næringslivet, kultur og reiseliv, vil ha ein positiv innverknad på den økonomiske situasjonen i kommunen. Handlingsplanen må også legge til rette for å redusere dei skadeverknadane som alkoholbruk kan medføre, som også har ein kostnad for enkeltpersonar og samfunnet generelt.

Ein velfungerande handlingsplan og tilhøyrande retningslinjer, vil også vere positiv for kommunen sin administrative ressursbruk.

VURDERING

Kommunedirektøren vurderer den reviderte handlingsplanen med dei justeringar som er føreslått, å ha ein god balanse mellom det å legge til rette for behova til frivillige lag- og organisasjonar, næringsaktørar og kommunen som tenestetilbydar, samtidig som alkohollova sine føremål, og kommunen sine alkoholpolitiske målsettingar, vert ivaretekne.

Kommunestyret må vurdere om handlingsplanen skal sendast på høyring slik den ligg føre, eller om kommunestyret ønsker å oppretthalde dagens alkoholpolitisk handlingsplan på dei ulike opplista

punkta. Dersom kommunestyret ikkje ønsker endringane frå kommunedirektøren, må det spesifiserast særskilt i vedtaket.

Behandling i Levekårsutvalet 31.01.2024:

Før saka vart teken opp til behandling av informerte einingsleiar Kenneth Sangolt og rådgjevar frå Service Sølvi Fotland Spilde om korleis kommunen arbeider med forvaltningsansvaret for alkohollova. Presentasjonen vert lagt til denne saka.

Votering:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Levekårsutvalet - 31.01.2024 - 005/24

Levekårsutvalet gir slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret sender forslag til revidert alkoholpolitisk handlingsplan ut på høyring i 3 veker.

Behandling i Kommunestyret 22.02.2024:

Endring i punkt 7.1 Nils Bjarte Sæle Raudt

Pkt i oppstillinga i 7.1 - "Lovlege arbeidskontraktar" vert endra til

- Arbeidskontrakt som følger norsk lov og allmenngjort minstelønn.

Votering

Tilråding frå Levekårsutvalet (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Forslag frå Nils Bjarte Sæle (R) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 22.02.2024 - 013/24

Kommunestyret sender forslag til revidert alkoholpolitisk handlingsplan ut på høyring i 3 veker med følgande endringar:

- Punkt i oppstillinga i 7.1 - "Lovlege arbeidskontraktar" vert endra til

- Arbeidskontrakt som følger norsk lov og allmenngjort minstelønn.